

Handlingsplan for etter- og vidareutdanning ved Det humanistiske fakultetet

a. Innramming av og prinsipp for etter- og vidareutdanning ved Det humanistiske fakultet

Det er eit sentralt mål at EVU-verksemnda ved HF skal vera ein integrert del av fakultetet sin fagportefølje, kultur og identitet. Dette gjeld konkret for dei institutta som i dag har EVU-tilbod: LLE, IF og AHKR. På sikt kan det òg verta aktuelt for andre einingar ved fakultetet.

Undervisninga i EVU-tilboda skal som hovudregel skjøttast av heile fagmiljøet i fakultetet sin faste undervisningstab. Dette må liggja til grunn for rekruttering av nyttilsette der det er aktuelt, noko som òg er forankra i fakultetet sin rekrutteringsstrategi. Denne seier at rekruttering av nye tilsette normalt skal dekkje breidda i studietilbodet (S 20/25). Konkret inneber dette at einingane berre i unnatakstilfelle kan ta på seg lønsplikter utover bemanningsplanen for å drifta EVU-tilbod. Normalen må vera at stillingar utanom bemanningsplanen innan EVU-tilbod må ha finansiering gjennom studieavgift, kontraktar eller øyremerkte tildelingar. I dei tilfelle der strategiske grunnar tilseier at stillingar utanom bemanningsplanen er påkravd, må ein så langt som råd tilsetja undervisarar i toarstillingar.

Følgjande tredeling gjev rammer for EVU-satsingane ved HF i dag, og vil i stor grad vera retningsgjevande for EVU-satsingane i framtida. Innanfor dei ulike kategoriane vil det variera korleis EVU-satsingane er finansierte og kven målgruppa er.

1. Vidareutdanning for opplæringssektoren

Tilbod som svarar på behov for vidareutdanning av lærarar, og som i stor grad er finansierte over offentlege løyvingar (som tidlegare Kompetanse for kvalitet), øyremerkte tildelingar, studieavgift og/eller resultatmidlar frå studiepoeng.

2. Fleksible utdanningstilbod

Tilbod som i stor grad er opne, gratis nettstudium og delfinansiert av resultatmidlar frå studiepoeng.

3. Oppdrags- og andre vidareutdanningstilbod

Tilbod finansierte av eksterne oppdragsgjevarar.

Kategori 1, tilbod retta mot skulesektoren, er ein stor del av EVU-verksemnda ved HF, og vil òg vera det i framtida. Det er eit overordna mål at HF skal vera eit naturleg førsteval for lærarar som ønskjer seg vidareutdanning.

Her er det ei utfordring at tilskotsordningane er under omlegging, og at etterspurnaden frå skuleeigarar er i endring. På dette feltet konkurrerer òg UiB med mange andre høgare utdanningsinstitusjonar. Difor må fakultetet inngå i eit enda tettare strategisk samarbeid med Lektorsenteret og UiB Videre, sidan det er desse instansane som har i oppgåve å representera UiB i partnerskapa med oppdragsgjevarane. Dette må òg sjåast i samanheng med fakultetet si stilling som lektorutdanningsfakultet i brei forstand, og innsatsen som vi yter innanfor etterutdanningssatsingar som «Lærernes dag», samt andre satsingar som DEKOMP.

Langsiktig finansierte EVU-tilbod retta mot skulesektoren kan gje argument for faste tilsetjingar etter ei samla vurdering knytt til kriteria i fagleg bemanningsplan.

Kategori 2, fleksible utdanningstilbod, dreier seg i stor grad om digitale studietilbod som gjerne speglar kampustilbodet i studieprogramma på HF. Dette er i dag stort sett snakk om gratistilbod der undervisningsressursane er finansierte av driftsbudsjettet på einingane. Desse tilboda gir studiepoeng og dermed resultatmidlar til fakultetsnivået to år etter at studentane tar eksamen. Dette er ein utdanningstype i stor vekst. Risikoen knytt til slike tilbod er at etterspurnaden – og med dette inntektsgrunnlaget – er ustabil. Ein må difor vurdere nettobidraget for denne typen tilbod i høve til dei grunnløyvingsfinansierte studieplassane – og resultatmidlanse som desse gjev – ved dei aktuelle studieprogramma.

Hovudprinsippa må vera at slike tilbod vert kombinerte med det ordinære studietilbodet og vert skjøtta av den fast tilsette staben. I tilfelle der eit lønnsamt EVU-tilbod kjem i konflikt med drifta av ordinære programtilbod med få studentar, må det vurderast om det kan gjerast tilpassingar i programtilbodet, t.d. ved å frysa opptak, ikkje tilby emne eller samordne EVU-tilbodet og det ordinære programtilbodet.

EVU-gratistilbod gjev som hovudregel ikkje grunnlag for faste tilsetjingar, men produksjon av studiepoeng inngår som ein viktig del av dei samla vurderingane av fagmiljø knytt til kriteria i fagleg bemanningsplan.

Kategori 3 er oppdragsbaserte EVU-tilbod. På HF er det nokre få slike tilbod, og det kan vera potensiale for fleire. Men her òg er risikoen stor. Etableringa av sike tilbod må difor, på same vis som for andre EVU-tilbod, vurderast opp mot den samla studieporteføljen ved fakultetet. På same vis må slike satsingar utarbeidast i tett dialog og samarbeid med relevante instansar internt på UiB.

Langsiktige oppdragsbaserte EVU-tilbod kan gje argument for faste tilsetjingar, men må sjåast i samanheng med dei samla vurderingane av fagmiljø knytt til kriteria i fagleg bemanningsplan.

For å oppnå økonomisk berekraft må inntektsstraumane aukast gjennom studentbetaling, lønsame kontraktar eller resultatmidlar. Kostnadane knytt til tilboda består i stor grad av undervisningsutgifter, men òg t.d. studieadministrasjon og indirekte kostnader. Nye inntektskjelder frå vidareutdanning bør så langt som mogeleg bidra til å sikra dei forpliktingane fakultetet allereie har, utan å ta på seg nye. Tilbod som baserer seg på resultatmidlar som einaste inntektskjelde, bør ha hovuddelen av utgiftene knytt til dei ordinære kostnadspostane i fakultetsbudsjettet, til dømes faste stillingar i bemanningsplanen.

HF sin relative del av det samla EVU-tilbodet ved UiB har gått tilbake dei siste åra. Det er potensiale både for fleire satsingar og for å styrkja rekrutteringa ved dei tilboda som finst. I denne samanhengen må det påpeikast at fakultetet har brukt mykje ressursar på studentrekruttering dei siste åra, i samarbeid med kommunikasjonsavdelinga på UiB. Profileringsarbeidet har berre i liten grad omfatta EVU-tilbodet ved fakultetet.

EVU-tilbod ved fakultetet skal inngå i ein heilskapleg studieportefølje med felles rammeverk og krav til studiekvalitet. Det må etablerast klare rutinar for å inkludera EVU-tilbodet i kvalitets- og utviklingsarbeidet ved institutta og sikra at EVU-tilbodet ved fakultetet held høg kvalitet og inngår i ein berekraftig, robust og strategisk heilskap.

EVU-tilboda ved HF skal ha ei tydeleg innramming. Det systematiske arbeidet med EVU bør forankrast organisatorisk i Studiestyret gjennom ei årleg EVU-melding som kan danne grunnlag for kommunikasjonen med UiB Videre og Lektorsenteret om utviklinga av EVU-porteføljen. I tillegg er det behov for eit EVU-forum for fagleg og administrative tilsette på tvers av einingane ved fakultetet, der ein kan dele erfaringar om utvikling og drift av EVU-tilbodet.

Likeins må det etablerast faste rutinar for å vurdere EVU-tilbod som skal opprettast ved fakultetet, som òg er forankra i rutinane ved UiB (jf.

<https://www.uib.no/foransatte/97918/etter-og-videreutdanning>).

b. Tiltakspunkt i utviklinga av EVU-tilbodet ved HF

Tiltak: Jamlege møtepunkt mellom fakultets- og instituttleiing og UiB Videre og Lektorsenteret.

Ansvarleg: Fakultetet

Tiltak: Utarbeida systematisk oversikt over EVU-tilbod som finst i porteføljen per i dag og vurdere kvart enkelt av desse opp mot drifta i ordinære campustilbod der dette er i konflikt, og etablera overordna prinsipp for korleis slike tilbod best kan tilpassast det ordinære studietilbodet ved fakultetet.

Ansvarleg: Institutt og fakultet

Tiltak: Etablere kriterium/modellar for å vurdere og synleggjera ressursbruken og lønsemda i EVU-tilbod (inkludert gratisemne).

Ansvarleg: Fakultetet

Tiltak: Identifisera nye, betalingsvillige studentgrupper for etter- og vidareutdanning.

Ansvarleg: Fakultet og institutt i samarbeid med UiB Vidare og Lektorsenteret

Tiltak: Profilera EVU-tilbodet ved fakultetet betre.

Ansvarleg: Fakultetet i samarbeid med UiB Vidare og Kommunikasjonsavdelinga

Tiltak: Etablere faste rutinar for å evaluere studiekvaliteten i fakultetet sine EVU-tilbod.

Ansvarleg: Fakultetet

Tiltak: Etablere eit EVU-forum for utveksling av erfaringar kring etablering, drift og administrasjon av EVU-tilbod.

Ansvarleg: Fakultetet

Tiltak: Halda oppe aktiviteten i etterutdanningstilbod som «Lærernes dag».

Ansvarleg: Fakultetet og institutta

c. Prosedyre for oppretting av EVU-tilbod ved HF

Trinn	Prosess	Innhald	Eining
1	Innleiande strategisk og økonomisk vurdering	Er det foreslåtte tilbodet i tråd med fakultetet sin EVU-strategi? Er det økonomiske tilhøve som ein må gjere særskilt greie for før oppretting?	Institutt og fakultet (studie- og økonomiseksjonen)
2	a) Vurdere fagleg grunnlag og klargjere innhaldet i EVU-tilbodet	Vurdering av fagleg kompetanse og interesse i fagmiljøet Kartleggje og avklare bestillinga (omfang, form, dimensjonering)	Institutt - med støtte frå UiB vidare og Læringslaben
	b) Kartlegge ressursbehov	Vurdering og berekning av ressursbehov og -tilgong (ressursbudsjett)	Institutt - med støtte fra økonomiseksjonen ved fakultetet
	c) Forankring på instituttet	Budsjettdisponerande myndigheit godkjenner grunnlaget for utvikling av eit EVU-tilbod	Instituttleiar
	d) Utarbeiding av tilbodet	Programstyret utarbeider dokumentasjon (søknad med relevante vedlegg*) Instituttet sender søknad om oppretting av EVU-tilbod til fakultetet	Institutt/ Programstyre - i samråd med UiB vidare og Læringslaben
3	Behandling av søknad og vedtak	Same prosedyre som ved oppretting av ordinære studietilbod	Fakultetet
	* Innhald i søknad	1. Bakgrunn for studietilbodet 2. Instituttet sine vurderingar av økonomi og ressursar 3. Plan for studiet (emneplan i gjeldande mal) 4. Omtale av det (nett-)pedagogiske utviklingsarbeidet 5. Plan for evaluering og løpande studiekvalitetsarbeid	